

Styremøte SFSG, Reset 15.12.10 kl. 10,00

Desse møtte: Eva Høydal, Halvar Espeseth, Tom Idar Kvam og Leif Brekken, Lars Olav Vanberg var innkalla som første vara i plassen for Eli Berge Ness som hadde meldt fråfall. Lars Olav melde og om fråfall.

Sak 37/10. Skriv og meldingar:

- Tom Idar refererte frå bondekafe på Stadt, største problemet deira er den store ørnebestanden.
- Det har vore to rovdrymøter i Sogn
- Tom Idar var på Nordisk unghundkonkuranse, der vart han nr 15 med sin hund.
- Leif orienterte litt om framtidretta beitebruk.
- Halvar orienterte frå geitehelg i Øystese.

Sak 38/10. Årsmøte:

Årsmøtet blir 25 og 26 februar.

Styremøte torsdag 24 februar kl 17,00

Start med lunsj 12 til 13

13 til 15 nytt frå Tine, Felleskjøpet og Nortura.

15,30 Gruppearbeid, tema er jordbrukstingingane.

Tom Idar lagar eit opplegg for gruppearbeidet.

Sak 39/10. Årsmelding:

Etter same mal som i 2009, stoff vert samla og skal vere klart for innsending til Gulaprent seinast 1. februar.

Arbeidsoppgaver:

- Eva tek seg av annonsesalg.
- Eli skriv årsmelding
- Leif har ansvar for at stoff kjem til trykking.

Sak 40/10. Jordbrukstingingane:

Styret var samde om å lage eit gruppearbeid på årsmøte der temaet er jordbrukstingingane. Tom Idar tek ansvar for dette i samarbeid med Eva.

Sak 41/10. Ubrukte midlar til møte for småfehaldarar:

Viser til rapportvedrørande samling nye småfehaldarar, innsendt til Fylkesmannen.

SFSG fekk tildelt kr. 42 000,-. Det er dokumentert utgifter for kr.21027,60, resterande midlarer søkt overført til 2011. Dette har vore orientert til, men ikkje vore godkjent av styret.

Vedtak samrøystes:

For ettertida skal alle budsjett og sluttrekneskap, for ulike «prosjekt», godkjennast av styret før innsending til Fylkesmannen eller andre bidragsyttere.

Sak 42/10. Gjetarhund:

Halvar orienterte om møte med gjetarhundnemnda, dei har komme litt skeivt ut økonomisk dette siste året, dette ynskjer dei å ordne opp i. For at dette skal late seg ordne må dei få sletta gjelda dei har drege på seg.

Vedtak samrøystes:

Det skal takast inn ei startavgift pr hund som deltek på konkurranse. Denne skal gå til drift av nemnda. Dette kjem i tillegg til sentral startavgift. Nemnda blir økonomisk nullstilt, og det blir bevilga 10000 kroner for driftsåret 2011.

Sak 43/10. Frie fettsyrer:

Helga Kvamsås møtte fram for å orientere styret om denne saka.

Når det gjeld nye reglar for kvalitetsbehandling av mjølk, er ikkje SFSG høyringsinstans. Produsentane må bruke produsentlaga for å komme med merknader. SFSG kan ikkje stille krav ovanfor Tine når det gjeld kvalitet. Det er berre Tine som veit kva kvalitet dei må ha på mjølka for at den skal vere god nok til at meieria kan bruke den i produksjon av til dømes ulike ostar.

SFSG oppmodar produsentane om å fylje opp avlsarbeidet som NSG har og på den måten få heva kvaliteten på melka.

Sak 44/10. Jølster Sau og Geit 60 år:

Halvar møter på jubilefesten den 18 desember. Halvar ordnar og med tinnfat som helsing.

Sak45/10. Æresmedlem:

Lærdal Sau og Geit ynskjer å utnevne Dagfinn Wendelbo som æresmedlem i laget.

Vedtak: Samrøystes godkjendt av styret.

Sak 46/10 a. Ekstragodtgjersle til styremedlemmar i SFSG:

Leiar og sekreter har årleg godtgjersle fastsett av årsmøtet for det meirarbeid dei har i høve sine verv, i tillegg har dei møtegodtgjersle og diett. Alle styremedlemmar må ta sin del av arbeidet med å skape aktivitet og inntekter til laget, det er ein del av ansvaret ein har når ein har sagt ja til å sitje i styret i SFSG.

Vedtak samrøystes:

Utbetaling av godtgjersle til styremedlemmar i SFSG for administrasjon av ulike ”prosjekt” i regi av SFSG kan ikkje godkjennast.

Sak 46/10 b. Valnemnd NSG:

Brev frå NSG med oppstilling av styremedlemmar som har sagt frå seg attval, her har Erling Offerdal ein av dei som trekkjer seg. SFSG ynskjer då å få inn Halvar Espeseth i hans plass i NSG.

Ikjefjord 07,01,11

Leif Brekken